

Vedlegg 3

Notat

Dato: 20.01.2020
Sak 5/20

Saksbehandlar: Torill Klinker

Til: Styringsgruppa i Miljøløftet

Frå: Vestland fylkeskommune, på vegne av lokale partar

Prosjektliste

Denne saka er ein del av oppfylgginga av brev frå Samferdsledepartementet 13. desember 2019. I brevet er det føresett at lokalpolitisk handsaming av prioritert prosjektliste er ferdig innan 1. april 2020. Vestland fylkeskommune har utforma prosjektlista på vegne av dei lokale partane.

Prosjektlista har ikkje utforma eit prioritert oppsett over dei ulike prosjekta. Det er opp til styringsgruppa å eventuelt prioritere mellom dei ulike postane, og mellom dei ulike avtalepartane.

Midlane som er lagt inn i prosjektlista, samsvarer med signert forslag til ny byvekstavtale og forventa bompenginntekter i Prop 11 S. Prosjektlista er ei oversikt over kva for investeringar signert forslag til ny byvekstavtale totalt gjev rom for i heile avtaleperioden 2019-2029.

Statlege midlar som er tiltenkt reduksjon i bompengetakstar (totalt 550 mill. over 10 år) er ikkje vist i prioriteringslista. Bruk av desse midlane vil verta framlagt for styringsgruppa i eigen sak.

Utkast til prosjektliste 20. januar 2020

Tall i mill. kroner (2020-kroner.) Alle midlar skal indeksregulerast gjennom avtaleperioden.

Prioritet	Tiltak	Samla tilskot i avtaleperioden, mill. kr.	Årleg gjennomsnitt, mill. kr.
Prosjekt med finansiering gjennom anbefalt forslag til ny Byvekstavtale for Bergensregionen			
Programområdemidlar riksveg i forslag til ny byvekstavtale 2019-2029. Programområdemidlar skal i hovudsak investerast innanfor dei fire satsingsområda som er omtala i avtaleutkastet: Gange og Sykkel, Kollektivtransport, Innfartsparkering og Miljøvennlig teknologi og innovasjon.			
	Programområdemidlar Bergen	3135	285,1
	Programområdemidlar Alver	326	29,5
	Programområdemidlar Bjørnafjorden	276	25,0
	Programområdemidlar Øygarden	426	38,7
	Programområdemidlar Askøy	328	29,7
	Totalt programområdemidlar i perioden	4497	
Fylkeskommunale midlar i forslag til ny byvekstavtale 2019-2029. Det fylkeskommunale bidraget skal i hovudsak gå til tiltak for kollektivtrafikk, sykling og gåing, men skal også kunna omfatta investeringar i bybanevagnar, infrastruktur for låg- og nullutsleppsteknologi i kollektivtrafikken, tiltak i driftsinfrastruktur for kollektivtrafikken, i tillegg til vedlikehaldstiltak med investeringskarakter på fylkesvegnettet i avtaleområdet.			
	Fylkeskommunale midlar	2970	270
Belønningsmidlar i forslag til ny byvekstavtale 2019-2029. Belønningsmidlane skal brukast på drift kollektiv og innanfor dei fire satsingsområda som er omtala i avtaleutkastet: Gange og Sykkel, Kollektivtransport, Innfartsparkering og Miljøvennlig teknologi og innovasjon.			
	Belønningsmidlar Skyss/VLFK til drift og auka ruteproduksjon	3 080	280
	Belønningsmidlar Skyss/VLFK til reduserte kollektivtakstar innanfor avtaleområdet	500	50 (i perioden 2020-2029)
	Belønningsmidlar Bergen	261	23,76
	Belønningsmidlar Alver	27	2,46
	Belønningsmidlar Bjørnafjorden	23	2,08
	Belønningsmidlar Øygarden	35	3,22
	Belønningsmidlar Askøy	27	2,47
	Totalt belønningsmidlar i perioden	3457	
Statleg tilskot til store fylkeskommunale infrastrukturprosjekt			
	Bybanen byggetrinn 4 (Inkludert statleg bidrag frå 2017-2019)	3553	
	Ekstra tilskot frå bompengavtalen	550	55
	Totalt statlege midlar til bybanen	4103	
Prosjekt med forankring i Bypakke Bergen, Prop. 11 S (2017-2018)			
	Bybanen etappe 5	8 000	
	Finansielt bidrag til ringveg øst	1 500	
	Kollektivløysing mot vest	1 000	
	Trafikkløysing sentrum	2 200	
	Sum	12 700	